



Arkivnr: 2015/428-3  
Saksbehandlar: Gudrun Einbu

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		19.08.2015
Fylkesutvalet		27.08.2015

### Endringar i kollektivtilbodet i Kvinnherad

#### Samandrag

Konkurransgrunnlag for nye bussanbod i Hardanger og Voss er no lagt ut på Doffin, jf. orientering i samferdselsutvalet (RS 65/2015). Utvalet har knytt til dette bedt om ei sak om endringane i kollektivtilbodet i Kvinnherad, spesielt om tilbodet på linje 766 Rosendal – Matre – Åkra.

I forarbeidet til nye anbod er det gjort ein gjennomgang av rutetilbodet for å effektivisere drifta og få betre samordning og korrespondansar. I tillegg har alle kommunar i området vore inviterte til å komme med ønske om omprioriteringar i tilbodet lokalt. Ein nødvendig del av arbeidet med rutetilbodet har vore å omprioritere ressursane der kollektivtilbodet er lite brukt, til tilbod som kan nå fleire.

I tråd med ønske frå kommunen er det planlagt inn i anbodsgrunnlaget to nye turar på kvelden til Valen/Skarveland, begge med retur. I tillegg er ønsket om morgonrute frå Rosendal til Sunde i korrespondanse med båtagang kl. 07:22 imøtekomme. Etter ein grundig gjennomgang av det totale rutetilbodet er det vurdert slik at desse nye tilboda best kan bli finansiert gjennom reduksjon i avgangar og å erstatte dagens kombibuss med minibuss på linje 766.

Alternative løysingar for å oppretthalde tilbodet med kombibuss til Åkra har blitt vurderte, basert på anslag for kostnader for ruteproduksjon og bruk av kombibuss. Alternative løysingar ville kunne vere å vidareføre dagens tilbod og særskilde materiellkrav på linje 766, og enten fjerne nye avgangar som er planlagt ved oppstart av nytt anbod, eller reduksjon av tilbod andre stader i ruteområdet.

Fylkesrådmannen tilrår at ein gjennomfører dei planlagde omprioriteringar i rutetilbodet i Kvinnherad slik dei ligg i konkurransegrunnlaget. Dette vil vere i tråd med vedtekne strategiar for kollektivtilbodet og gje betre utnytting av kollektivmidlane. Dagens tilbod knytt til frakt av gods vil ikkje bli oppretthaldt med denne løysinga. Prinsipielt gjev dette større grad av likebehandling når det gjeld slike ekstratenester frå fylkeskommunen. Det blir oppmoda til å finne løysingar lokalt, slik at andre aktørar kan ta hand om varetransporten til Åkra, som i andre liknande område i fylket.

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tilrår at ein gjennomfører dei planlagde omprioriteringar i rutetilbodet i Kvinnherad slik dei ligg i konkurransegrunnlaget for ruteområde Hardanger og Voss.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 15.06.2015****Bakgrunn**

Konkurransesgrunnlag for nye bussanbud i Hardanger og Voss er no lagt ut på Doffin, jf. orientering i samferdselsutvalet (RS 65/2015). Utvalet har knytt til dette bedt om ei sak om endringane i kollektivtilbodet i Kvinnherad, spesielt om tilbodet på linje 766 Rosendal – Matre – Åkra. Spørsmålet om kombinert person- og godstransport på denne busslinja har tidlegare vore oppe til diskusjon, seinast i 2010. Tilbodet med kombibuss har vore vidareført på midlertidig basis fram til no.

**Vurderingar knytt til rutetilbod**

Fylkeskommunen har i oppgåve å ivareta kollektivtransporten i fylket. Skyss arbeider med å utvikle kollektivtrafikken i tråd med vedteken kollektivstrategi for Hordaland, for å gje eit best mogleg tilbod til flest mogleg av innbyggjarane i fylket – innanfor gjeldane økonomiske rammer.

I forarbeidet til nye anbod er det gjort ein gjennomgang av rutetilbodet for å effektivisere drifta og få betre samordning og korrespondansar. I tillegg har alle kommunar i området vore inviterte til å komme med ønske om omprioriteringar i tilbodet lokalt, og ein har arbeidd for å imøtekomme lokale behov og prioriteringar frå kommunane. Ein nødvendig del av arbeidet med rutetilbodet har vore å omprioritere ressursane der kollektivtilbodet er lite brukt, til tilbod som kan nå fleire.

Skyss møtte Komité for Samferdsel og næring i Kvinnherad 21.11.2014. Dette var eit konstruktivt møte der komitéen mellom anna fremma ønske om ein ny morgontur mellom Rosendal og Sunde, som skulle korrespondere med båten. Det var også ønske om eit utvida tilbod på kveldstid, for at spesielt ungdommen skulle ha reisemoglegheit heim frå aktivitetar på Husnes.

Med bakgrunn i kommunen sine innspel er det no planlagt inn i anbodsgrunnlaget to nye turar på kvelden til Valen/Skarveland; 21:05 Husnes – Valen og 22:05 Husnes – Skarveland, begge med retur. I tillegg er ønsket om morgonrute frå Rosendal til Sunde i korrespondanse med båtavgang kl. 07:22 imøtekomme.

Rammene for arbeidet tilsa at det ikkje var rom for å utvide produksjonen, kun omprioriteringar for å betre utnytte ressursane som er brukt i området. Etter ein gjennomgang vurderte Skyss det slik at dette nye tilbodet best kunne bli finansiert gjennom reduksjon i avgangar og bruk av kombibuss på linje 766.

Linje 766 køyrer ei strekning på drygt fire mil mellom Åkra og Rosendal, med tre avgangar frå Åkra og to frå Rosendal i veka. Linja har få avgangar, men køyrer ei lang strekning, og produksjonen utgjer difor ein relativ stor mengde i rutekilometer. Billettstatistikk viser om lag 380 reisande siste år, noko som tilseier mellom ein og to passasjerar pr. avgang.

Med desse planlagde endringane vil linje 766 Rosendal – Matre – Åkra ha eit tur/retur-tilbod på fredagar. I tillegg til dette vil ein køyre skuleruter som vist i tabellane under. Alle reisande kan nytte dette tilbodet. I skuleåret 2014/2015 var det i dette området tre elevar som skal til Kvinnherad vgs. og sju elevar som skal til Åkra skule.

	Skuledagar	Fredag	Skuledagar, onsdag	Skuledagar, mandag	Skuledagar, tirsdag-fredag	Skuledagar, mandag
Åkra kai	06:10	08:25				
Åkra skule	06:11	08:26	12:30	12:50	14:10	14:40
Ølvestveit	06:15	08:30	12:34	12:54	14:14	14:44
Baugstranda	06:25	08:40	12:44	13:04	14:24	14:54
Sunde i Matre	06:35	08:50				
Ytre Matre	06:40	08:55				
Opstveit	06:50	09:05				
Landakrysset	07:00	09:15				
Omvik		09:17				
Dimmelsvik		09:20				
Rosendal kai		09:35				

	Skuledagar	Fredag	Skuledagar
Rosendal kai		12:30	
Dimmelsvik		12:40	
Omvik		12:43	
Landakrysset		12:45	15:45
Opstveit		13:00	16:00
Ytre Matre		13:10	16:10
Sunde i Matre		13:20	16:20
Baugstranda	08:05	13:30	16:30
Ølvestveit	08:15	13:40	16:40
Åkra skule	08:19	13:44	16:44
Åkra kai	08:20	13:45	16:45

### Vurderingar knytt til bussmateriell og godstransport

I arbeidet med nye bussanbod har det også vore arbeidd med krav til bussmateriell og kva vogntypar ein ser behov for i dette området. Ein vurderer desse krava som ein vesentleg faktor for kostnadene for drift av kollektivtrafikken. Dette er ein balanse mellom å tilpasse vognparken mest mogleg til dei ulike behova i området, medan ein opprettheld ein mest mogleg standardisert vognpark som er effektiv for operatøren å drifte.

Linje 766 er i dag køyrd med kombibuss og er ei kombinert person/godsroute som leverer varer på strekninga Rosendal – Matre – Åkra. Godstransporten er administrert av operatør.

Ettersom ein har vurdert trafikkgrunnlaget som ikkje tilstrekkeleg for å oppretthalde produksjonen meir enn ein tur/retur i veka, er det ikkje lengre lagt opp til eit særskilt krav om kombibuss på denne linja. Det er lagt til grunn bruk av minibuss med same krav/standard som på andre tilsvarande strekningar i anbudsområdet, basert på å ha riktig kapasitet til dei reisande. Det er opp til operatør om ein ynskjer å tilby frakt av medisinar, post og mindre pakkar, så lenge dette ikkje er til hinder for ruteproduksjonen. Eventuelle fraktinntekter vil tilfalle operatør.

Bakgrunnen for vurderinga er også av prinsipiell art, knytt til fylkeskommunen si rolle og oppgåver samt likebehandling. Fylkeskommunen har ansvar for kollektivtrafikk, og det ligg utanfor fylkeskommunen sitt mandat å gje tilskott til godstransport. Dette er den einaste kombibussen i Skyss sitt område, og den einaste staden der fylkeskommunen legg til rette for godstransport på denne måten.

Alternative løysingar har blitt vurderte. Vurderinga er basert på anslag for kostnader for ruteproduksjon og bruk av kombibuss. Ein veit pr. no ikkje kva prisane i nytt anbod blir, men har lagt til grunn kostnader frå andre kontraktar som kan samanliknast med anbodsgrunnlaget som no er ute. Pris for ny kombibuss ligg på omkring 3 mill. kr. Ein ordinær minibuss ligg på om lag éin mill. kr. Kapitalkostnad for kombibuss er anslått til i underkant av to millionar kroner i løpet av anbodsperioden.

Alternative løysingar for å oppretthalde kombibuss på strekninga vil kunne vere å ikkje setje inn nye planlagde avgangar i Kvinnherad, eller å fjerne ruteproduksjon andre stader i anbodsområdet Hardanger og Voss tilsvarande kostnaden for kombibuss.

### **Fylkesrådmannen si tilråding**

Fylkesrådmannen tilrår at ein gjennomfører dei planlagde omprioriteringar i rutetilbodet i Kvinnherad slik dei ligg i konkurransegrunnlaget. Dette vil vere i tråd med vedtekte strategiar for kollektivtilbodet og gje betre utnytting av kollektivmidlane. Det er vedteke ambisiøse mål for kollektivtrafikken, og fylkeskommunen står framfor store utfordringar når det gjeld finansiering av drift av dette. Kundegrunnlaget for avgangane som er fjerna på linje 766 er diverre ikkje stort nok til å oppretthalde tilbodet, når ein ser seg nøydd til å prioritere. Med endringane vil ein gje fleire nye reisemoglegheiter i tråd med kommunen sine innspel, både med betre tilbod til pendlarar og skuleungdom som skal til Stord om morgonen, og transport heim frå fritidsaktivitetar på kveldstid.

Omprioriteringane i ruteproduksjonen og ønsket om å standardisere krav til bussmateriell medfører at det ekstra tilbodet knytt til frakt av gods ikkje lengre blir oppretthaldt i dagens form. Prinsipielt er dette er løysing som i større grad gjev likebehandling i fylket når det gjeld slike ekstratenester frå fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen har forståing for ønsket om å oppretthalde godsfunksjonen til Åkra, men meiner denne tenesteytinga ikkje er innanfor fylkeskommunen sitt mandat. Det blir oppmoda til å finne løysingar lokalt, slik at andre aktørar kan ta hand om varetransporten til Åkra, som i andre liknande område i fylket.

Dei planlagde endringane er en del av ny anbodskonkurranse for ruteområde Hardanger og Voss. Operatørane som er kvalifiserte til å delta i konkurransen har frist til 09.09.2015 med å levere tilbod. Signering av nye kontraktar vil etter planen skje 30.10.2015. Køyring i det nye anbodet blir starta opp 16.08.2016, når kontrakt med dagens operatør går ut.